


Til: Naboar, heimelshavarar og aktuelle offentlege instansar.

Dato: 22.12.2015
Vår ref: May-Britt Drage Bakke

Varsel om planoppstart for detaljregulering for Djupevika industriområde

I samsvar med plan- og bygningslova sin § 12-8 blir det med dette varsla oppstart av detaljreguleringsplan for Djupevika industriområde.

Oppdragsgjevar er Mermaid Holding AS.



Figur 1 Kart som syner lokalisering og om lag avgrensing av planframlegget (skravert område). Planavgrensinga kan bli noko justert i løpet av planprosessen.

Planstatus:

Det aktuelle planområdet er innanfor føremål for framtidig industri/forretning/kontor/lager i kommuneplanen (KP), vist som område IF (industri/forretning).

Kommunedelplan for Fjordkryssing Ytre Nordfjord (kystvegen) er under utarbeiding, men er på dette tidspunkt ikkje vedteken. Kommunen har opplyst om at det aktuelle arealet, jf. figur 1, er delvis innanfor planavgrensinga til kommunedelplanen.

Aktuelle føremål

Planforslaget er delvis i samsvar med overordna plan, då ein vil regulere til maritim industri på land. Tiltakshavar ønskjer å opne for ei mindre fylling i sjø for mellom anna å kunne etablere lager og parkeringsplassar i området. I front av fylling er det planlagt kai. I sjø vil plan legge til rette for småbåthamn. Trafikkareal knytt til småbåthamna skal vere inkludert i planområdet. Planområdet vil få tilkomst frå kommunal veg i sør.

Det er i samband med KDP for Fjordkryssing Ytre Nordfjord (kystvegen) planlagt ein ny vegtrasé aust for det aktuelle industriområdet. Planområdet til Mermaid Holding AS strekk seg langs kommunal veg mot aust, då det i planprosessen kan bli aktuelt å regulere inn avkøyrse frå eksisterande kommunale veg til den nye vegtraseen i samband med kystvegen. Planavgrensinga kan med dette bli justert, dersom avkøyrse til nemnte vegtrasé utgår i endeleg planframlegg.

Det blir understreka at industriføremål vil ligge innanfor avgrensing for IF i KP.

Risiko og sårbarheit

Det har blitt utført geotekniske undersøkingar i planområdet av Norconsult som stadfestar at det ikkje er skredfare i området. Rapport vil vere del av planmaterialet. Planen vil vurdere tiltak opp mot naturmangfaldlova, samt i forhold til havnivåstigning og klimaendringar.

Konsekvensutgreiing

Plan skal ikkje konsekvensutgreiast (KU), då tiltak ikkje utløyse krav i samsvar med KU-forskrifta §§ 2, 3 og 4.

Vidare saksgang

Publikum og aktuelle partar har rett til å kome med innspel/merknadar ved oppstart av reguleringsarbeidet. Alle innkomne merknadar vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Planforslaget skal handsamast av Vågsøy kommune, som legg planen ut til offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Publikum og aktuelle partar har òg rett til å uttale seg om saka ved offentleg ettersyn. Kommunen varslar partar saka vedkjem skriftleg, samt kunngjer offentleg ettersyn i Fjordenes Tidende.

Frist for innsending av merknadar:

Eventuelle innspel og merknadar til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast til Nordplan AS, PB. 224, 6771 Nordfjordeid eller på e-post til mb@nordplan.no.

Merknadsfrist: 29. januar 2016

Spørsmål kan rettast til Nordplan AS v/arealplanleggar May-Britt Drage Bakke tlf. 940 27 464

Med helsing
for Nordplan AS

May Britt Drage Bakke

Høyringsinstansar som er varsla:

Kystverket vest	post@kystverket.no
Statens vegvesen	firmapost-vest@vegvesen.no
Fiskeridirektoratet region vest	postmottak@fiskeridir.no
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	post@fmsf.no
Norges Vassdrags- og Energidirektorat, Region Vest, NVE	rv@nve.no
Sogn og Fjordane Energi, SFE	post@sfe.no
Sogn og Fjordane fylkeskommune, plan- og samfunnsavdelinga	postmottak.sentraladm@sfj.no
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga	postmottak.kultur@sfj.no
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	l-hjelme@online.no
Sogn og Fjordane Fiskarlag	sognfjordane@fiskarlaget.no
Barne- og unge sin representant v/ Dagny Ann Gangeskar Paris	dagny.paris@vagsoy.kommune.no
Ungdomsrådet v/Aurora Sofie Brekke Bergh	Privat adresse
Nordfjord miljøverk, NOMIL	post@nomil.no
Eldreråd v/Nils Holvik	Privat adresse
Kommuneråd for funksjonshemma v/Jan Helge Oksholen	Privat adresse
Folkehelsekoordinator v/Birte Sandal	birte.sandal@vagsoy.kommune.no

Grunneigarar og heimelshavarar:

Lina Marie Barmen
Kvalheim & Com AS
Evja AS
Arvid Oksholen
Arvid Eliassen